

Svar på spørsmål frå Marte Hammer (SV) - Ferdig regulerte sykkelveger i tilfelle krise

Representanten Marte Hammer (SV) har stilt følgjande spørsmål til samferdselsdirektøren i utval for samferdsel og mobilitet den 28 april:

«I Fylkestinget i Hordaland i oktober 2018 stilte underteikna skriftleg spørsmål om status for ferdig regulerte sykkelvegar i tilfelle ein skulle komme i ein situasjon slik som finanskrisa i 2008 der ein plutseleg fekk ekstramidlar frå staten til gang- og sykkelvegar. Under er spørsmålet til og svaret frå fylkesordføraren (Saksprotokoll i fylkestinget - 02.- 03.10.2018):...

I svaret i fylkestinget 2018 svarer fylkesordføreren at ein i løpet av 2019 og 2020 vil ha ein betydeleg planreserve som ein kan sette i gang bygging av sykkelveg av. Spørsmålet til samferdsledirektøren:

- Er alle dei nemde sykkelvegar over klare til å verte satt i gang om ein fekk midlar til det?
- Viss ikkje, kva er grunnen til at ein ikkje har desse klare når ein i svaret i fylkestinget 2018 seier at det ville ein ha?
- Kva er prislappen på å starte umiddelbar utbygging av desse overnemde gang- og sykkelvegane?
- Er det andre sykkelvegar som ikkje er lista opp i svaret i 2018 som i ettertid har blitt ferdig regulert og som er klar til å verte satt i gang om ein fekk midlar til det? Og kva er i såfall prisene på det?»

Generelt om arbeid med sykkelprosjekt i Bergen

Det reknast ei arbeidstid for utarbeidninga av ein reguleringsplan på rundt 2 år, når planen er endeleg vedteken reknast det med 1-1,5 år for prosjektering og eigedomserverv før bygging kan ta til. Med bakgrunn i dette er det ikkje ferdigstilt nye planar som ikkje var på lista i 2018.

Det gjennomførast òg betydelege både statlege og fylkeskommunale sykkelløysingar i samband med Bybanen til Fyllingsdalen. Desse er ikkje i sin heilheit inkludert i lista, då dei inngår i plangrunnlaget for Bybanen. Eksempel er sykkelstamvegen frå Kristiansborg til Bergen sentrum som no vert realisert, og sykkeltunnelen gjennom Løvstakken.

Opplistinga under inneholder formelle planprosessar for tiltak både på fylkesveg og på riksveg. Statens vegvesen må svare for tiltaka på riksveg, men dei er tatt med her etter at vi har innhenta status. I tillegg bør det nemnast at det gjennomførast, og planleggast gjennomført, sykkelløysingar som ikkje krev ein planprosess. Dette er i tilfelle det er mogeleg å lage løysingar innafor dagens vegareal og gjerne der det ikkje er store trafikkmengder.

Handlingsprogrammet i Miljøloftet blir rullert årleg, og oppstart av nye tiltak vert vurdert ut ifrå måloppnåing, tilgjengelege midlar, og ut i frå kor klare prosjekta er til realisering, om det føreligg plan, osb.

- Fv. 582 Carl Konows gate/Fv. 280 Fyllingsvegen
 - Bygging pågår
- Fv. 197 Håkonshellavegen
 - Planen er vedtatt og vil bli vurdert i arbeidet med handlingsprogrammet til Miljøloftet.
- Fv. 557 Bjørgeveien, Sandeide - Lyderhornsveien
 - Planen er ferdig og endeleg godkjent, og vil bli vurdert i arbeidet med handlingsprogrammet til Miljøloftet.
- Sykkel E39 Osbanen, Nesttun - Skjold (Lagunen)
 - Planarbeidet er sluttført, det arbeidast for tida med prosjektering og grunnerverv. Grunnerverv er svært utfordrande i området. Tentativ gjennomføringsplan legg opp til oppstart på bygging i slutten av 2020. Finansiert gjennom Miljøloftet.
- Sykkel E16 Arna Stasjon - Garnes
 - Planforslaget har vore på 1. gongs høyring, reknar med oversending til 2. gongs høyring i Bergen kommune i 2020/21.
- Sykkelstamveg E39, Minde Allé - Kanalveien nord, del av delstrekning 5
 - Blir bygd som del av Bybanen B4 til Fyllingsdalen
- Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg - Paradis
 - Planarbeidet skal etter planen bli sluttført i 2020
- Sykkel E39 Vossabane, Fjøsanger - Nesttun

- Det er venta at planforslag kan oversendast til Bergen kommune sommaren 2020.
- Sykkel E39 NHH - Åsane, parsell Eidsvågskogen - Eidsvåg
 - Planforslag er oversendt Bergen kommune.
- E39 Kryssing Fjøsangerveien v/ Fabrikkgaten
 - Forprosjektet vart handsama politisk i Bergen kommune hausten 2019. Statens vegvesen arbeider no med å avklare vidare planlegging, og dei vil etter planen starte opp planarbeid for dette prosjektet i løpet av 2020.
- Fv. 267 Sykkelveg og kollektivfelt Åsamyrane, Hesthaugkrysset - Myrdal med tilkoblinger mot Nyborg for sykkel
 - Planprosjektet er sett på vent i påvente av arbeidet med Bybane til Åsane.
- Sykkelstamveg E39/rv 580, Skeie - Rådal, delstrekning 1
 - Planarbeid pågår i Statens vegvesen
- Fv 564 sykkelveg m/fortau langs Salhusvegen Ulsetstemma - kryss Slettestølvegen -
 - Planprosjektet er i sluttfase 2020
- Fv. 582 Storetveitvegen, Hagerupsveg - Minde Allé
 - Planen slutførast i 2020
- E39 Sykkel Fjøsangerkrysset (Nyhauglia) - Kristianborg
 - Planen er under arbeid, det arbeidast for å sikre medverknad og samstundes sjå på fleire mogelege løysingar for kryssing av Fjøsangerkrysset.
- Fv. 585 Nattlandsveien, Mannsverk - Hagerupsvei
 - Planarbeidet pågår, planforslaget vert venteleg lagt ut på 1.gongs høyring i 2020. Det vert arbeidd med å sjå strekninga i samanheng med løysinga lenger sørover på Nattlandsvegen frå Mannsverk til Birkelundstoppen.